

Referat frå møte om Beredeskapsomsyn og tverretaltleg handlingsveg ved rydding og hogst.

Møtestad: Rådhuset Manger

Møtedato: 18/6 - 2013

Møtetid 08.00

Desse møtte: Svein Valaker, Asbjørn Nagel Toft, Øyvind Hatleli og Harald J. Stanghelle

Møtet innleia med gjennomgang av ynskje om ein felles tverretaltleg handlingsveg ved felling og hogst av skog.

Asbjørn Nagel Toft snakka om at det gjennom år har synt seg at det er ein einstaka veg for rydding av farleg skog. Kvar aktør tek omsyn til sitt, ei line eller ein veg, og overlet resten til tilfeldig handsaming.

Det er eit ynskje, og ein nasjonal trong for, ei teneste som set i gang umiddelbar samhandling for best utnytting av ressursar og effektiv handtering av farleg "restskog".

Svein Valaker delte sine erfaringar med hogst langs liner og veg. Ofte er det svært vanskeleg å få til samhandling og farleg skog vert ståande att. Døme på at skog har lagt seg over veg og liner, etter at utstyret er flytta bort, er det fleire av.

Det syner seg at det ofte har kvart miljø ein tanke om å rydda for seg når hogst er i gang og risiko fall av skog på liner og veg er aukande. Mykje skog er no hogstmogen og ei ventetid på opp til 6 veker på avklaring om "fellesinnsats" er uhaldbar. Slike store tre er ein stor og aukande risiko. Ei kort varslingstid for td straumkundar er forståeleg og ein tidleg telefon til ein "hogstkamerat" tenesta kan få sett samhandling i gang.

Eit døme er at ved avverke står det att belte med skog inn til veg og liner, som kan føra til store konsekvensar for lokalsamfunn og storsamfunnet. Ei ordning der skogsentrepenør, vår beste kunnskap på avverking og trygg hogst, kan melda og få alle aktørar med på arbeidet med rydding inn til kritisk infrastruktur vil vera bra for heile samfunnet. Utnytting av skogen sine ressursar, skogsentrepenøren sitt utstyr og redusert risiko på anlegg og fare for liv på veg, vert resultatet.

Sjølve hogstarbeidet kan vera enkelt og effektivt når det vert gjort med ein gong.

Alt arbeid i slike soner må byggja på føre var prisippet og ei teneste med "hogstkameratar" som enkelt kan kontaktast på telefon må på plass.

I tillegg må ei ordning, og haldning, til kostnadene med slik hogst gjerast på ein slik måte at det kan gjennomførast. Retningslinjer for ma. om trafikkdirigering krev samvirke få vegetatar, utkopling av liner eller flytting krev handling frå lineeigar.

Store gamle tre set óg ryddesona kring liner på prøve. Ei gate på 16 m er lite til hjelp når trea kan vera 40 m.

Likeeins kan rydding langs desse gatene vera ein fare for skogen når det vert rydda slik at trea ligg att. Dette kan føra til auka problem med barkebiller, td med ein fin sumar.

Øyvind Hatleli og Harald Stanghelle arbeider fram eit forslag til korleis å handtera denne utfordringa og får til eit møte med partar frå Fylkesmannen, BKK og Statens vegvesen.

Møtet slutt 09.15

Manger 20/6-2013

Harald J. Stanghelle
Referent25